# Vekeplan 10. trinn Veke 4 og 5

| LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN: | |
|---|---|
| **Norsk** | • **10C:** Kunna laga eit manus av ei novelle<br>• **10A, B, D:**<br>  ○ Vita kva målmerke som kjenneteiknar dei ulike dialektene i landet<br>  ○ Kunna seia noko om kor grensene går<br>  ○ Kunna seia kvifor talemål og identitet er viktig for mange |
| **Engelsk** | • reading, writing and speaking about the English-speaking world and English as a global language<br>• learning to avoid common mistakes<br>• preparing for the English exam |
| **Matematikk** | Læra om<br><br>• funksjonar og funksjonsuttrykk<br>• lineære funksjonar med stigningstal og konstantledd<br>• brøk-, andregrads- og eksponentialfunksjonar<br>• praktisk arbeid med ulike funksjonar og grafar<br>• korleis vi kan bruka og laga matematiske modellar |
| **Samfunnsfag** | • Kunna gjera greie for årsaker til, og konsekvensar av terrorhandlingar og folkemord, som holocaust<br>• Kunna reflektera over korleis ekstreme haldningar og ekstreme handlingar kan førebyggjast |
| **KRLE** | Religionskritikk:<br>• Bruka og drøfta fagomgrep om religionar og livssyn<br>• Utforska andre sitt perspektiv og håndtera uenigheit og meiningsbrytning<br>**10C og A:**<br>• Kunna seie noko om den norske kyrkja<br>• Kunna omgrepet *pietisme*<br>• Kunna seie noko om Hans Nielsen Hauge |
| **Naturfag** | • Gje døme på korleis arealinngrep og klimaendringar påverkar det biologiske mangfaldet<br>• Gje døme på forureining og gjera greie for korleis miljøgifter påverkar oss og naturen rundt oss<br>• Diskutera positive og negative konsekvensar av menneskeleg påverknad |
| **Spansk** | • Spansktalande land<br>• Veret<br>• Skildring av byar<br>• Planar |

| | |
|---|---|
| **Tysk** | • Kunna seia noko om reisemål i Tyskland, Austerrike og Sveits<br>• Repetisjon preposisjonar<br>• Kunna bruka tysk både munnleg og skriftleg |
| **Arbeidslivsfag** | • Undersøka behov for varer og teneste på skulen og i lokalsamfunnet<br>• Kunna planleggja praktiske og yrkesretta arbeidsoppdrag<br>• Kunna produsera og levera varer og teneste etter kvalitetskrav<br>• Bruka fagbegrep, arbeidsmetodar, verktøy, materiale og teknologi tilpassa arbeidsoppdrag |
| **Kroppsøving** | Basis/Dans:<br>• Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar<br>• Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar<br>• Øva på og gjennomføra danseaktivitetar frå ungdomskulturar og andre kulturar, og saman med medelevar skapa og presentera dansekomposisjonar<br>Symjing:<br>• Forstå og gjennomføra livreddande førstehjelp<br><br>Innsats:<br>• Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre<br>• Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra din eigen fysiske kapasitet og samarbeida med andre |
| **Musikk** | Lytta og bevega seg til folkemusikk, slik at ein dansar godt i lag med resten av klassen skotske folkedansar |
| **Kantine** | • Læra å planleggja og gjennomføra matproduksjon for sal<br>• Læra om marknadsføring av produkt for sal<br>• Laga budsjett og rekneskap |
| **Fys.ak.** | • Øve på og gjennomføre varierte bevegelsesaktiviteter.<br>• Anerkjenne forskjellen på seg selv og andre, inkludere og samarbeide med andre.<br>• Tema: Padel |
| **Friluftsliv** | • Sporlaus ferdsel |
| **Olweus** | • Klassemiljø<br>• Korleis skal me oppføra oss mot kvarandre |

| INFORMASJON TIL HEIMEN |
|---|
| **Ny termin**<br>Nå er me i gang med ny termin, og dette blir siste innspurt på ungdomsskulen før elevane skal i gang med vidaregåande skule. Me håper alle er motiverte til å gjera så god innsats som mogleg! Det er mykje som skjer framover, så det er viktig å følgja med på vekeoversikten og vekeplanen. Me prøver å halda årshjulet oppdatert til ein kvar tid.<br>**Skottedans**<br>På fredag får me besøk av skottar som skal læra oss skotsk kultur og folkedans! |

| |
|---|
| **Besøk på helsestasjonen**<br>På måndag og tysdag skal klassane på besøk på helsestasjonen, der dei skal få informasjon om sex og samliv.<br>**Vinterball**<br>Torsdag 25. januar vil elevrådet arrangera vinterball på skulen. Ballet varer frå kl. 19.00-23.00 og det kostar kr 150 og inkluderer pizza og brus.<br>Klassekontaktane får i ansvar å skaffa vakter frå kvar klasse og dei tilsette på Møllekjellaren vil også vera med oss den kvelden.<br>Innbetaling til ballet: 150 kr kan betalast til Bryne ungdomsskule sitt VIPPS nummer: # 546674 - Merk betalinga med Vinterball, namn på elev og kva klasse eleven går i. Eleven viser kopi/bilete av kvittering/betaling til kontaktlærar som kryssar av på klasseliste.<br><br>Helsing oss på 10.trinn |

| **PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR** | | | |
|---|---|---|---|
| **Fag** | **Kva** | **Vurdering** | **Veke/dato** |
| Naturfag | Podkast | Høg/middels/låg | Veke 4 |

| **HEIMEARBEID VEKE 4** | | |
|---|---|---|
| **Norsk** | | Les 3x20 min i boka di.<br>Rapporter sidetal til lærar og oppdater OneNote under “Bøker eg har lese”. Hugs at det er nytt semester og blanke ark. |
| **Engelsk** | | Gjer desse oppgåvene om apostrof: Troubleshooting: Apostrophe<br>10B: test i engelsktimen (på torsdag), sjå ON-Hjemmearbeid-Week 4 |
| **Matematikk** | | I oppgåveboka: 2.133, 2.136 |
| **Samfunnsfag** | | Les s 65-69 eller Kan folkemord skje igjen? @ Aunivers<br><br>Svar på Finn svaret s 69 eller nedst i lenken, skriv på ON |
| **Naturfag** | | Gjere ferdig podkast. Oppgåva finn de på One Note. |
| **Spansk** | | Lever den første delen av presentasjonen din om spansktalende land. 60-80 ord |
| **Tysk** | | Sjå onenote veke 4<br>Gruppe Anastasia: ON-Hjemmearbeid-Woche 4<br>Viss testen din (veke 3) ikkje blei godkjend – nytt forsøk på torsdag |
| **Arbeidslivsfag** | | Hugs å skriva inn i loggen |
| **Musikk** | | Me øver på skotske folkedansar i forkant av skotte-besøk fredag 26. januar. Då skal heile trinnet dansa til skotske musikarar i gymsalen i 4. og 5. time. Ta på plassande klede, du kjem til å bli varm! |
| **Kantine** | | Me skal laga mat<br>Møt på kjøkken med hårstrikk og forkle |
| **Friluftsliv** | | Siste gong med avspasering for tur |

| HEIMEARBEID VEKE 5 | | |
|---|---|---|
| **Norsk** | | Les 3x20 min i boka di. Rapporter sidetal til lærar og oppdater OneNote under “Bøker eg har lese”. Hugs at det er nytt semester og blanke ark. |
| **Matematikk** | | I oppgåveboka: 2.138, 2.139 |
| **Samfunnsfag** | | Les s 70-75 eller Ekstremisme og terrorisme @ Aunivers<br><br>Svar på Finn svaret s 75 eller nedst i lenken, skriv på ON |
| **Naturfag** | 1 | Les samandrag s. 50<br>Forklar og gje døme på omgrepa:<br>Biologisk mangfald, arealendring, forureining, global oppvarming, mikroplast, miljøgifter, hormonhermarar, overutnytting og naturforvalting |
| **Spansk** | | Bindeord oppgåve. Du får det i timen. Lever på Onenote |
| **Tysk** | | Sjå onenote veke 5<br>Gruppe Anastasia: ON-Hjemmearbeid-Woche 5 (test i tysktimen på torsdag: preposisjonar som styrer dativ og personlege pronomen i nominativ, akkusativ og dativ) |
| **Arbeidslivsfag** | | Hugs å skriva inn i loggen |
| **Friluftsliv** | | Me skal på tur i nærområdet. Ha med gode klede. Sjekk vermelding! Møt i klasserommet. |

***Bryne ungdomsskule***